



Få flagg i Uskedalen 1.mai.

I Uskedalen har vi ikkje hatt tradisjonar for feiring av Arbeidarane sin dag. Dette har samanheng med bygda sine traisjonar som jordbruksbygd, og bøndene har gjennom åra ikkje teke aktivt del i denne feiringa. Tvert om. Slik er det framleis, sjølv om tidene forandrar seg, og bondelaget mange stader no oppfordrar til å heisa flagget.

Einskilde år har vi talt til rundt 20 flagg, men i år var det svært få flagg å sjå då eg hadde ein runde i bygda i føremiddagstimane. Elles var det ein stille og roleg søndags føremiddag i bygda.

Då eg var gutunge var det knapt nokon som heiste flagget. Dette var ei tid då det var heilt uvanleg at bønder arbeidde på raude dagar. Det var eitt unntak: 1.mai. Då skulle det arbeidast, og helst skulle det vera møkakøyring eller møkaspreiing. Til og med bønder som ikkje var dei mest arbeidssame elles i året, vakna til liv og hadde ein lang og hard arbeidsdag.

Tidene har forandra seg. Det har tydelegvis også bøndene sit syn på feiring av 1.mai. Fleire stader har både fylkeslag og lokallag av Bondelaget oppfordra medlemmene til både å delta i arrangement og til å heisa flagget denne solidaritetsdagen. For å høyra om dette har vore tema i Hordaland og i Uskedal bondelag, tok eg kontakt med leiaren i lokallaget, Hans Reidar Kjærland.

- Det har ikkje vore slike oppfordringar korkje på fylkesplan eller lokalt her hos oss. Likevel er nok synet på 1.mai-feiringa annleis i dag enn for 40-50 år sidan. No arbeider ikkje bøndene for å demonstrera slik ein del gjorde då. Dei held seg nok også unna møkaspreiing denne dagen, seier bondelagsformannen og legg til at det arbeidet som vert gjort av bøndene, kjem av at dei er nøydd til å få arbeidet unna i ei travel våronn.

- Vi har respekt for feiringa av dagen, avsluttar han og trur 1.mai vert ekstra roleg når det gjeld gardsarbeid i år sidan dagen fell på ein søndag.

Sjølv om det ikkje har vore tradisjonell feiring i Uskedalen, var det mange år ein idrettsleg festdag då Strandstafetten vart arrangert. Den trekte deltakande lag frå eit vidt område, og mykje publikum. IL Huftar frå Austervoll hugsar eg som ein sterk løparklubb den gongen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.